

Til
Samferdselsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Anmodning frå Nasjonal rassikringsgruppe til politisk ledelse i Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, om møte.

Nasjonal rassikringsgruppe består av fylkespolitiske representantar frå 7 ras- og skredutsatte fylke; Møre- og Romsdal, Vestland, Troms og Finnmark, Nordland, Innlandet, Trøndelag og Rogaland.

I desember 2019 vart det lagt fram nye tal frå Statens vegvesen om behov og kostnader for skredsikring i landet vårt. Disse viser at sidan førre oversikt frå 2015 har det kjende behovet for midlar til skredsikring av riks og fylkesvegnettet stege frå om lag 50 til 70 milliarder kroner. Det er dystre tal fordi det viser at kostnadane stig fortare enn løyvingstakten til skredsikring. Det betyr at sjølv om skredsikring er komen høgare på politisk dagsorden, og stadig fleire forstår at dette viktige arbeidet må forserast, så er løyvingane frå Regjering og Storting ikkje i takt med det reelle behovet. Tvert om aukar gapet mellom løyving og behov for skredsikring i landet. Det betyr at verken dagens eller morgondagens trafikantar kan stole på at det offentlege vegnettet innan rimeleg tid vil vere trygt å ferdest på.

Den nasjonale rassikringsgruppa har sidan 2001 arbeidd for å få løyst skredsikringsproblematikken innan høg og middels skredfaktor på riks og fylkesvegnettet. Kravet om ein heilskapleg nasjonal skredsikringsplan ved rullering av kommande Nasjonal transportplan er meir aktuelt enn nokon gong. Dersom dette kravet ikkje vert imøtekome no, vil kostnadane fortsette å stige og innan få år vil rasproblematikken bli uhandterbar. Det er den ikkje enno, men det krev politisk handlekraft og vilje til å løyse utfordringane og det hastar.

Dei nye tala frå vegregionane viser at kostnadane på fylkesvegnettet utgjer om lag halvparten av det totale behovet på landsbasis. Dette understreker kor viktig det er å sjå heilskapen mellom riks- og fylkesvegnettet.

Nasjonal rassikringsgruppe ynskjer å diskutere vår bekymring rundt finansieringsordninga, med bakgrunn i følgande punkt:

- Ein heilskapleg plan for rassikring, både for fylkes- og riksveg.
- Ordninga med søknadsbasert statleg tilskuddsordning gav ein fleksibilitet og ein optimal prosjektretta utnytting av midlane, på nasjonalt nivå. Korleis vil staten oppretthalde ein samordna og prosjektretta bruk av midlar til skred og ras, nasjonalt og på tvers av fylkesgrense og vegeigarskap.

Med venleg helsing

Jenny Følling
Leiar, Nasjonal rassikringsgruppe